

**SAKSFRAMLEGG****Høyring - Nasjonal ramme for vindkraft**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	120/19	03.09.2019

Behandling i Kommunestyret – 03.09.2019:

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i Kommunestyret – 03.09.2019

NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, med 13 område som er peika ut som mest eigna, omfattar ikkje areal i Tinn kommune. Det svært viktig at dette ikkje vert endra.

Det som var omtalt som Område 5 då NVE bad om faglege innspel til 43 aktuelle analyseområde i 2018 ville opna for utbygging som kunne påføra vår kommune alvorleg skade. Naturlandskapet vårt har uvurderleg egenverdi, er vesentleg for lokal identitet og ikkje minst er naturbasert og berekraftig reiseliv vårt viktigaste område for økonomisk utvikling i tida framover. Vi visar og til Tinn kommune sitt brev av 12.10.18 til NVE, med faglege innspel til vurderinga av aktuelle område.

Tinn er blant dei kommunane i Noreg som har mest utbygd vasskraft. Dette har sett sitt preg på store delar av naturlandskapet. Det bør det takast omsyn til før det vert gjort nye store inngrep for å byggja ut ny fornybar energi.

Olje- og energidepartementet ber og om innspel til om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg. Tinn kommune meiner at kommunane bør få større makt til å avvisa søknadar om konsesjon for utbygging av vindkraft. Sjølv om kommunen sin vurdering vert tillagt vekt er det ikkje tilstrekkeleg å berre ha status som høyringsinstans i saker som er avgjerande for framtida til lokalsamfunna. Av same grunn er det uheldig å fastsetta ei nasjonal ramme for område som er eigna for utbygging. Det bør heller avklarast kva Noreg treng av vindkraft i åra framover og å framskunda utviklinga av løysingar som medfører mindre tap av verdfull natur, slik som utbygging av til havs. Vindkraft vert avgjerande for gjennomføring av det grønne skiftet, men må utnyttast på ein måte som er mindre til skade for naturverdiar og lokalsamfunn.

Rådmannens innstilling:

NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, med 13 område som er peika ut som mest eigna, omfattar ikkje areal i Tinn kommune. Det svært viktig at dette ikkje vert endra.

Det som var omtalt som Område 5 då NVE bad om faglege innspel til 43 aktuelle analyseområde i 2018 ville opna for utbygging som kunne påføra vår kommune alvorleg skade. Naturlandskapet vårt har uvurderleg egenverdi, er vesentleg for lokal identitet og ikkje minst er naturbasert og berekraftig reiseliv vårt viktigaste område for økonomisk utvikling i tida framover. Vi visar og til Tinn kommune sitt brev av 12.10.18 til NVE, med faglege innspel til vurderinga av aktuelle område.

Tinn er blant dei kommunane i Noreg som har mest utbygd vasskraft. Dette har sett sitt preg på store delar av naturlandskapet. Det bør det takast omsyn til før det vert gjort nye store inngrep for å byggja ut ny fornybar energi.

Olje- og energidepartementet ber og om innspel til om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg. Tinn kommune meiner at kommunane bør få større makt til å avvisa søknadar om konsesjon for utbygging av vindkraft. Sjølv om kommunen sin vurdering vert tillagt vekt er det ikkje tilstrekkeleg å berre ha status som høyringsinstans i saker som er avgjerande for framtida til lokalsamfunna. Av same grunn er det uheldig å fastsetta ei nasjonal ramme for område som er eigna for utbygging. Det bør heller avklarast kva Noreg treng av vindkraft i åra framover og å framskunda utviklinga av løysingar som medfører mindre tap av verdfull natur, slik som utbygging av til havs. Vindkraft vert avgjerande for gjennomføring av det grønne skiftet, men må utnyttast på ein måte som er mindre til skade for naturverdiar og lokalsamfunn.

Innleiing:

Olje- og energidepartementet sendte 01.04.19 ut på høyring NVE sitt forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land (jf. vedlegg). Høyringsfristen er forlenga til 01.10.19. I høyringsbrevet er det lenker til NVE sin rapport og kart som visar det som NVE meiner er dei mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft. I NVE sitt framlegg er det peika ut 13 område som dei vurderer som dei beste områda for utbygging. Det er gjort ei avveging mellom mange interesser, der vindeksponering, tilgang til kraftnett og konsekvens for ulike naturverdiar og kulturminner er lagt vekt på. Det er allereie gjeve konsesjon til nesten 23 TWh vindkraft i Noreg og av dette er omlag 10 TWh i drift eller under bygging. 60 % alle innsendte vindkraftplanar er avslått. OED ynskjer i høyringa å få innspel til NVE sitt forslag til ramme og om det bør fastsettast nasjonal ramme for vindkraft i Noreg

I 2018 bad NVE om innspel til 43 analyseområde som dei vurderte med tanke på å finna fram til dei mest eigna områda for vindkraft i Noreg. Det vart presisert at dei ikkje var politiske vurderingar dei etterspurde, men fagleg informasjon av overordna karakter. Blandt dei 43 områda var det eit område 5 i Telemark som omfatta store areal i Tinn: Gausta – Håkanesfjellet – Rivs fjell – Blefjell, og tillegg Lifjell – Mælefjell – Skorve og fjell i Øyfjell – Rauland. Administrasjonen i Tinn kommune la relativt stor innsats i å gjera greie for kva for verdiar og interesser som ville verta påverka i Tinn

Fakta:

Analyseområde 5 i Telemark er teke ut i forslaget til nasjonal ramme med 13 område som er ute på høyring no. I høyringsforslaget er det og nemnt område som var nær ved å koma med og som kan verta «reserveområde». Heller ikkje blant desse er område i Tinn tekne med.

Vurdering:

NVE sitt arbeid med nasjonal ramme for vindkraft visar klart at utbygging av vindkraft kan gje praktisk talt uavgrensa mengder fornybar energi og at utbygging av vindkraft no har vorte økonomisk lønsamt utan nokon form for subsidier. Det er såleis heva over tvil at vindkraft er ei framtidsretta kjelde til klimanøytral energiforsyning.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget for forslag til ramme for vindkraft på land utarbeida Statnett ein rapport som visar at det er eit stort potensiale for vindkraftutbygging og at

mesteparten av ny vindkraft dei næraste åra vil veta eksportert til kontinentet. Det er særleg attraktivt å byggja ut i Rogaland, Agder og Telemark på grunn av god tilgang til overføringskablar ut av landet. Tilhøva for å byggja ut lønsam vindkraft er og svært gode i Noreg samanlikna med resten av Europa. Dette kan tolkast slik at vi i Noreg har tid til å planleggja betre korleis vi skal ta i bruk vindkrafta, utan fare for mangel på fornybar energi innanlands.

Regelverket for å gje konsesjon til vindkraftutbygging i Noreg fungerer i prinsippet slik at det er fritt for alle å søkje om å få byggja ut i eit område og dette gjev grunnlag for å oreigna rett til å nytta grunnen til dette formålet. Ein ser og at i det er stort innslag av utanlandsk kapital i dei vindkraftutbyggingane som er under realisering. Det er NVE/OED som avgjer konsesjonssøknadar. I konsesjonssaker gjev kommunen høyringsuttale som vanlegvis vert tillagt stor vekt, men kan ikkje avslå konsesjon. T.d. gav OED konsesjon for småkraftutbygging i øvre del av Kvitåe, i strid med vedtaket i kommunestyret i Tinn.

Vindkraft gjev vesentleg mindre skatteinntekter til vertskommunen enn dei store vasskraftutbyggingane. Det er innarbeida i norsk lov at vasskraft er ein ressurs for storsamfunnet, men og ein lokal ressurs som skal koma lokalsamfunna til gode. Difor får kommunane naturressursavgift, konsesjonskraft, og konsesjonsavgift frå vasskraftutbyggingar. Tilsvarende gjeld ikkje for vindkraft. I tillegg til at lokale inntekter frå vindkraft vert relativt små kan det på sikt og auka presset for å redusera kraftinntektene til kommunar med utbygd vasskraft.

Konklusjon:

Det er svært positivt at forslaget til nasjonal ramme for vindkraft på land ikkje peikar ut areal i Tinn kommune som område eigna for vindkraftutbygging.

Utpeiking av område på land som er eigna for utbygging, saman med måten det vert gjeve konsesjon på, kan opna for overkøyring av lokale interesser og naturverdiar.

- 1 Høring - Nasjonal ramme for vindkraft
- 2 Innspel frå Tinn til nasjonal ramme for vindkraft datert 19.10.2018